

Samandrag av forslag til detaljregulering for AF Miljøbase Vats med sjøområde i Vats- og Yrkjefjorden

Planområde Ca. 7.267 daa Inkludert utvidet areal i Vats og Yrkjefjorden samt utvidet landareal i Vindafjord	Maks. lagring i fjorden 30 enheter Antall flytende vindturbiner (10) eller fundament (30) som kan mellomlagres i fjordsystemet samtidig
Skipstrafikk ~80/år Forventede årlige anløp til basen i driftsfasen (opp fra ca. 20 i dag)	Steinuttak ~3 mill. m³ Fjell som sprenges ut for nytt landareal. Gjenbrukes til utfylling og betong

Bakgrunn og føremål

AF Gruppen planlegg ei større utviding av AF sitt hamneanlegg på Raunes for å leggje til rette for havvindindustrien. I den samanheng er AF bedne om å lage eit forenkla samandrag av korleis konsekvensane kan bli for lokalsamfunnet – både i utbyggingsfasen og ved full drift, med særleg fokus på faktorar som påverkar folkehelse, bumiljø, tilkomst og arbeidsplassar. Utgreiingane er omfattande, og det blir vist til desse for eit heilskapleg bilete – samt til meir detaljerte samandrag i planomtalen og kommunen sitt saksframlegg.

Basen på Raunes (Vindafjord) blir i dag hovudsakleg nytta til demontering og gjenvinning av utrangerte offshoreinstallasjonar. No ønskjer AF Gruppen å utvide verksemda til produksjon og lagring av fundament til offshore vindturbinar, samt montering og mellombels lagring av komplette havvindturbinar i fjorden før utslep til havs. Planforslaget er ei detaljregulering som omfattar både land- og sjøareal i Vindafjord. Føremålet er å sikre nok areal og fleksibilitet for framtidig havvindindustri, samstundes som dagens gjenvinningsaktivitet blir vidareført. Det er ikkje planlagt utviding av løyve knytt til gjenvinningsverksemda. Tiltaket utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU) etter plan- og bygningslova, og det er gjennomført omfattande utgreiingar av miljø- og samfunnsverknader. Ei rekkje fagrapportar ligg til grunn, og planforslaget med KU er sendt på høyring sommaren 2025. Store delar av utvidingane på land er dekte i eksisterande reguleringsplan.

Planområde og tiltak

Planområdet omfattar AF Miljøbase Vats med tilhørende fjordareal i Vatsfjorden og Vindafjorddelen av Yrkjefjorden. Totalt areal er om lag 7267 dekar (7.3 km²), der cirka 540 dekar er landareal og resten sjø. Planen inneholdt mellom anna:

- **Utviding av landareal:** I vest skal det sprengast og planerast fjell (om lag 2,8–3 millionar m³ fjellmassar), og det skal takast ut ein del lausmassar. Sprengstein skal hovudsakelig nyttast til utfylling i sjøen (kaiareal) og som råstoff for betongproduksjon. Dette vil gje rundt 100 dekar nytt flatt industriareal på basen. Det er òg planlagt fjellhallar for lagring av knuste steinmassar og eit større basseng for reinsing av overflatevatn.
- **Nye og utvida kaier:** Eksisterande djupvasskai skal forlengast og utvidast ved utfylling i Raunesbukta, for å kunne ta imot større lekterar og skip. Det er planlagt ein ny spesialkai for SPAR-fundament (sylindriske djupvassfundament) lengst sør, der fjorden er djup. Det skal òg leggjast til rette for ein slipp/lekterkai for sjøsetjing av store betongkonstruksjonar. Desse tiltaka krev noko undervasssprenging og steinfylling i sjø, men innanfor avgrensa område rundt basen.
- **“Våtlagring” i fjorden:** I Vats- og Yrkjefjorden blir det sett av område der inntil cirka 30 flytande fundament, der inntil 10 kan ha turbin, kan lagrast samtidig. Vatsfjorden (nær basen) skal hovudsakleg brukast til flytande betongfundament og eventuelle gravitasjonsfundament («Condeep»), medan Yrkjefjorden (djupare og meir open) skal brukast til komplette turbinar. Einingane blir forankra med kraftige fortøyingliner, anten til landfeste langs fjordkanten eller til anker på fjordbotnen. Hovudleia gjennom fjorden blir halden open for båttrafikk, men det vil bli sikkerheitssoner rundt lagringsområda – med mellombelse restriksjonar for fiske og ferdsel nær turbinar av omsyn til tryggleik. Fortøyinglinene blir lagde djupt nok til at båtar kan passere over dei i overflata.
- **Driftsmønster:** Aktiviteten vil skje i kampanjar knytt til havvindprosjekt. I periodar med utbygging kan fleire einingar ligge i fjorden og kaiane ha høg aktivitet, medan i mellomperiodar vil det vere få eller ingen einingar på fjorden (fjorden vil sjå ut som i dag). I prosjekter har alle parter insentiv fort at einingane skal slepast ut så fort de er klare og været tilet det. Dagens verksemd med demontering av oljeplattformer vil halde fram, men ved fullskala havvindprosjekt vil det vere lite rom for gjenvinningsprosjekt.

Konsekvensar for miljø og samfunn

Gjennom KU er det utarbeidd fagutgreiningar for ei rekkje tema: naturmangfald (land og sjø), landskap/visuell påverknad, friluftsliv, kulturarv, fiskeri (naturressursar), støy,

luftforureining, klimagassutslepp, vassmiljø, trafikk, risiko og tryggleik (ROS) m.m. Konsekvensutgreiingane har som utgangspunkt ein situasjon med maksimal utnytting av planområdet både på land og i sjø. Hovudkonklusjonen er at tiltaket kan gjennomførast utan uakseptable skadar, men det vil føre med seg nokre negative verknader – stort sett små til moderate (låg til middels negativ konsekvens) innan dei fleste tema. Ingen tema får kritisk store negative utslag, og avbøtande tiltak kan redusere ulempene ytterlegare.

Nedanfor er dei viktigaste konsekvensane og føreslåtte avbøtande tiltak opp summert per tema (for vidare detaljar blir det vist til dei spesifikke fagrapportane):

Landskap og visuell påverknad

Utbygginga vil endre fjordlandskapet visuelt, men dei største endringane vil vere mellombelse når fleire vindturbinar blir lagra i fjorden. I periodar med høg aktivitet kan opptil 20–30 store konstruksjonar vere synlege samtidig i Vats- og Yrkjefjorden, med øvste rotorblad opptil ~300 meter over vatn. Desse blir dominerande element og vil kunne sjåast over store avstandar i klarvær. KU vurderer landskapskonsekvensen som middels negativ i scenarioet der mellomlagring i sjø går for seg for fullt. Turbinane står då fram som framande og iaugefallande innslag i eit elles naturleg fjordlandskap med spreidd busetnad.

Samtidig vil situasjonen i periodar utan lagra turbinar vere tilnærma som i dag – fjorden er då fri for store konstruksjonar. Utan turbinar i sjø er visuell konsekvens vurdert som ubetydeleg. Dei permanente inngrepa på land (fjellskjeringar, utfyllingar) gir rett nok eit meir industrielt preg lokalt ved Raunes, men dette påverkar mest nærområdet.

Avbøtande tiltak: Planen opnar for å avgrense talet på turbinar lagra samtidig og varigheita av lagring, for å redusere visuell dominans. Det blir tilrådd å skjerme eller dimme lysmerking på turbinar for å unngå unødig lysforureining mot omgjevnadene. Landfeste og anlegg blir utforma i mest mogleg dempa fargar for å gli inn i naturen. Bevaring av vegetasjon og eventuell ny utplanting rundt nye skjeringar kan hjelpe med å mjuke opp synlege inngrep sett frå avstand.

Friluftsliv og bruk av fjorden

Fjorden og områda rundt blir aktivt brukt til friluftsliv, og tiltaket vil i nokon grad forringe naturopplevinga og bruken av området i visse periodar. Vats- og Yrkjefjorden er viktige for fritidsfiske, båtliv, padling, bading og turar langs land. I periodar der havvindprosjekt pågår i området, vil opplevinga av fjordlandskapet bli påverka av turbinane og fundamenta som ligg lagra der. Det kan òg vere nokre avgrensingar for ferdsel i områda rundt dei flytande konstruksjonane.

Det er viktig å merke seg at ingen tur- eller rekreasjonsområde blir permanent utilgjengelige. Allmennheita vil framleis ha tilgang til fjorden og kystlinja. Ein kan navigere båt forbi område med aktivitet; hovudleia blir halden open. Utfartsstader på land, som badeplassar og utkikkspunkt, vil framleis kunne brukast – men utsikta kan innehalde konstruksjonar. I periodar utan havvindprosjekt vil friluftslivet oppleve situasjonen som i dag (ubetydeleg konsekvens).

Avbøtande tiltak: God informasjon til publikum blir viktig. Lokalbefolkninga og brukarar av fjorden skal på førehand varslast om kommande operasjonar: når og kvar det vil vere konstruksjonar i fjorden, kvar ankerlinene ligg, og kva eventuelle ferdselsavgrensingar som gjeld

Naturmiljø (land og sjø)

Tiltaket påverkar natur både på land og i sjø, men konsekvensane for biologisk mangfald blir vurderte som handterbare (middels konsekvens). På land vil utvidinga innebære at eit område med skog og utmark blir teke i bruk. Ingen truga dyreartar er registrerte der, men noko leveområde for vanlege artar går tapt. Utvidinga påverkar òg eit område med gammal fattig edellauvskog og eit område med gammal lågurtselje-rogneskog negativt.

Terrenginngrepa skjer like ved dagens industriområde, så større nærliggande naturområde (inkludert Stråtveit naturreservat sør for området) blir urørt. Konsekvensane for terrestrisk naturmangfald er sett til middels negativ. Som avbøtande tiltak blir det føreslått å behalde vegetasjonsbelte mot omkringliggende natur.

Tareskog i Vats- og Yrkjefjorden er viktige habitat for fisk og andre marine organismar. Utfyllingar og mudring vil permanent endre botnen der det blir fylt ut. Marint naturmangfald får konsekvens middels negativ i analysen. For det marine miljøet generelt er påverknader som støy under vatn, partikkelspreiing og endra straumforhold vurdert. Modellering tyder på minimale endringar i vasstraum og vassutskifting – vasskvalitet og oksygennivå blir vurdert som god (vassmiljø-konsekvens er ubetydeleg).

I periodar med havvindprosjekt vil beslag av areal i sjø, samt støy og menneskeleg aktivitet, kunne føre til at sjøfugl blir fortrengd frå nokre av næringssøksområda sine. I periodar utan mellomlagring av turbinar og fundament vil ikkje sjøfugl bli påverka i nemneverdig grad.

Ved sprenging (under utbygging av hamn) kan det oppstå negativ påverknad på fisk. Støyande aktivitetar i sjø skal ikkje gjennomførast i gyteperioden, og det er sett krav om avbøtande tiltak for å redusere undervassstøy.

Kulturmiljø

Ingen nye verna kulturminne vil bli direkte påverka av tiltaket, men det kulturelle landskapsbiletet vil endre seg noko. Området rundt Vatsfjorden har historisk blitt brukt til fiske, jordbruk og offshore-aktivitetar (Vats hadde betongplattformbygging på 1980-talet). Dagens industri på Raunes inngår allereie i nyare tids kulturhistorie. Utvidinga med havvind vil bringe inn ein ny type teknologi.

Konsekvensen for kulturmiljøet er vurdert som middels negativ når turbinar er til stades i fjorden, fordi det visuelle inntrykket av fjordlandskapet som kulturarv blir påverka (nokre kan oppleve at det tradisjonelle kulturlandskapet “forsvinn” bak moderne installasjonar). Utan turbinar eller andre konstruksjonar til stades er konsekvensen ubetydeleg.

Det finst allereie eitt automatisk freda kulturminne på tomte; det er sett krav til vern av dette under utbygging og drift. Dersom det dukkar opp noko under bygging, skal arbeidet stansast og myndigheitene kontaktast, slik lova krev. Dette er standard prosedyre.

Fiskeri (naturressurs)

Fritids- og yrkesfiske i fjorden kan bli påverka ved at enkelte fiskeområde blir mellombels utilgjengelege når turbinar ligg lagra der. Yrkjefjorden, der mykje av fangstaktiviteten føregår, vil i periodar med mellomlagring av havvindinstallasjonar ha redusert areal tilgjengeleg for garn, teiner og andre reiskapar. Konsekvensutgreiinga viser at desse periodane vil gi middels negative konsekvensar for fiskeri. Det betyr ei merkbar ulempe for fiskarane, men ingen total avgrensing av all fiskeriaktivitet i området.

Avbøtande tiltak: Viktige tiltak her er tett dialog med fiskarlag og utforming av lagringsmønster som tek omsyn til viktige fiskeplassar. Når turbinar og fundament ikkje er lagra, kan ein fiske som normalt overalt.

Støy og lokal luftkvalitet

Anleggsarbeid og industriell drift vil medføre noko auka støy og støv/eksos, men innanfor akseptable nivå. Sprenging, pigging og massetransport i anleggsfasen vil føre til periodar med kraftig støy i nærområdet på dagtid. I driftsfasen kjem støy frå betongblandeverk, verftsaktivitet (sveising, kapping), skip ved kai, med meir. Støyberekningar viser at støynivået ved næraste bustader kan auke noko, men vil framleis halde seg under dei gitte grenseverdiane (T-1442 – Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging). Konsekvensen er klassifisert som “noko negativ” for støy. Enkelte bebuarar kan oppleve meir vedvarande bakgrunnsstøy frå industrien enn før, men naboforholda er allereie prega av støy frå eksisterande verksemd.

Når det gjeld luftforureining, er hovudfokuset på støv (frå sprenging, knusing av stein og transport) og avgassar (dieseleksos frå maskiner og skip). På grunn av at området er eit ope kystlandskap og relativt stor avstand til busette område, er det ikkje venta skadelege konsentrasjonar av partiklar eller NO_x hos naboar. Konsekvensen for luftkvalitet er vurdert som “noko negativ”

Avbøtande tiltak: Tiltak som blir sette inn inkluderer vasssprøyting mot støv, dekk knuseverk, samt krav om overvaking av støvspreiing for å sikre at ein held seg innanfor løyva.

Klimagassutslepp

Utbygginga og produksjonen av fundament i seg sjølv medfører betydelege klimagassutslepp, men legg samtidig til rette for store klimakutt på sikt gjennom produksjon av fornybar energi. KU har rekna ut at den planlagde verksemda (produksjon av betong/stål, anleggstrafikk osv.) vil ha eit relativt stort CO₂-avtrykk – dette gir “stor negativ konsekvens” for klimagassutslepp isolert sett i prosjektets livsløp.

Samtidig er føremålet med prosjektet å leggje til rette for offshore vindkraft, som vil erstatte fossil energiproduksjon. Når ein inkluderer dei “oppstrøms” verknadene (klimagevinstane frå den fornybare straumproduksjonen), blir biletet snudd til “svært stor positiv” konsekvens for klima.

Avbøtande tiltak: Det blir forsøkt å redusere prosjektet sine eigne utslepp gjennom bruk av lågkarbonbetong, alternative drivstoff (biodiesel, elektrisk) for maskiner, energieffektiv drift med meir.

Trafikk og tryggleik

Sjøtrafikk: Talet på årlege skipsanløp ved basen kan auke til rundt 80, frå om lag 20 i dag. Dette inkluderer fraktefartøy med komponentar, slepebåtar som dreg turbinar ut, forsyningsskip med meir. Fjorden har kapasitet til dette – den er djup, relativt brei og har lite eksisterande kommersiell trafikk. Navigasjonsinnretningar kan måtte tilpassast for å ta omsyn til lagring av konstruksjonar i fjorden, og dette vil bli gjort i samarbeid med Kystverket. Konsekvensen for sjøtrafikk og navigasjon blir vurdert som liten/akseptabel (ingen nemneverdig hindring for allmenn skipstrafikk).

Vegtrafikk: Utbygginga og auka aktivitet på basen vil føre til meir trafikk. I driftsfasen vil persontransport til og frå arbeidsplassen auke, ettersom fleire tilsette og underleverandørar kjem til. Analysen konkluderer med at dagens veg har tilstrekkeleg kapasitet, men at det vil bli noko meir slitasje og støy langs vegen. Konsekvensen for trafikk

på veg blir vurdert som liten, sidan vegen er lite trafikkert i dag og den venta trafikkauken er låg.

Avbøtande tiltak: Det blir planlagt pendlarbussar og samkøying for tilsette for å avgrense talet på bilar.

Risiko og tryggleik (ROS)

Ein ROS-analyse er gjennomført for å kartleggje potensielle farar. Ingen nye risikoar av stor betydning er identifiserte utover det som allereie blir handtert i dag.

Grunnforhold: Desse er stabile – undersøkingar viser ingen kvikkleire eller ustabil grunn. Likevel vil utviding mot bratt terreng krevje sikring mot steinsprang og skred. Det blir planlagt sikringsvollar og bevaring av skog som naturleg barriere. Med slike tiltak blir skredfaren vurdert som under kontroll (akseptabel risiko).

Forureina grunn: Basert på området sin historie er det mogleg å støyte på noko forureina massar. Det er etablert rutinar for å ta miljøprøver ved graving i nye område, og det skal utarbeidast tiltaksplan dersom det blir oppdaga forureining. Handtering av dette er ivareteke i planverket.

Beredskap: Eksisterande beredskaps- og miljøtiltak ved basen (reinseanlegg for vatn, overvaking, beredskap mot utslepp og brann) blir vidareført og oppskalert ved behov for den nye aktiviteten. Samla sett inneber prosjektet akseptabel risiko for omgjevnadene.

Kort oppsummert

Samlet konsekvens: moderat negativ

Konsekvensutredningen konkluderer at de fleste miljø- og samfunnstema får **middels negative** virkninger av tiltaket. Ingen enkeltforhold er ekstremt kritiske, og ulempene anses håndterbare med foreslåtte avbøtende tiltak.

Positive effekter og gevinst

Utvidelsen muliggjør storskala havvind-utbygging – et stort pluss for klima (fornybar energi) og potensielt hundrevis av nye **arbeidsplasser** og næringsmuligheter lokalt. Nettogevinsten veier opp for de lokale ulempene.

Planforslaget for utviding av AF Miljøbase Vats medfører nokre negative konsekvensar for Vindafjord-samfunnet og miljøet, men dei er gjennomgåande moderate og kan reduserast gjennom tiltak. Oppsummert får dei fleste utgreiingstema ein konsekvensgrad omkring *middels negativ* ved full utbygging. Unntaket er klimagassutslepp, som lokalt er eit minus, men som globalt blir eit stort pluss når havvindproduksjonen blir rekna med.

Ved å gjennomføre planlagde avbøtande tiltak – visuelle tilpassingar, støy- og støvreduserande grep, informasjonstiltak, trafikkkløysingar, miljøovervaking med meir – vil mange av verknadene reduserast til eit akseptabelt nivå.

Samla blir tiltaket vurdert som forsvarleg (moderat sårbart) i tråd med utført risiko- og sårbarheitsanalyse. Tiltaket som er utgreidd har fleire nytteverdiar i form av arbeidsplassar på basen og oppdrag og innkjøp hos lokale verksemdar. Dette legg grunnlag for eit godt bu- og arbeidsområde i regionen rundt basen.

Tiltaket er i samsvar med nasjonale og regionale planar: Det gir rom for ein ny, grøn industri som kan skape verdiar og arbeidsplassar i regionen, og bidra positivt i klimaomstillinga. Samtidig må lokalsamfunnet tole noko meir industriell påverknad – særleg visuelt og i periodar med høg aktivitet. Innbyggjarane vil framleis kunne bruke fjorden og nærområda, men kanskje med litt justert horisont og ekstra omsyn når aktiviteten er i gang.

Kommunen og AF Gruppen legg vekt på god dialog med påverka partar undervegs. Planen er no til offentleg høyring sommar/haust 2025, og det blir sikta mot politisk sluttbehandling og vedtak av reguleringsplan i løpet av 2025–2026. Med nødvendige løyve og lokal tilpassing vil AFs hamn i Vats kunne utvidast og bli eit kombinert gjenvinnings- og havvindknutepunkt for framtida.